

litt om serien

FOR GUD

Bibelen teiknar eit samansett, dynamisk og dels komplekst bilete av Gud. Som menneske har vi ein tendens til å gjere Gud meir eindimensjonal enn han er. Men å leve som etterfølgjarar av Jesus, er å sjå Han meir og meir slik Han er, lære å kjenne Han og Hans vilje stadig djupare. Denne serien ønskjer å løfte fram nokre karaktertrekk med Gud som kanskje kan kvalifisere og hjelpe oss i våre gudsbilete, slik at vi kan følgje han med større frimod og glede enn før. Kva vil konsekvensane av eit slikt gudsbilete vere, heilt konkret i liva våre? For kristne ønskjer å leve «for Gud». Ein heilag, kjærleg, rettferdig, nådig og levande Gud.

litt om tema:

NÅDIG

Nåde er det som gjer kristen tru annleis enn alle andre religiøse system. At Gud aksepterer og bergar oss på bakgrunn av den frelsande innsatsen Jesus gjer for oss gjennom døden på korset og ikkje gjennom den eigeninnsatsen vi kan mønstre på, er merkeleg, uforklarleg og heilt annleis enn alt anna. Kvifor er det slik? Vel: Synda si løn er døden. I våre haldningar og handlingar er det ein grunnstraum av opprør mot Gud og hans herredømme. I oss sjølve er vi difor døde, utan moglegheit til å fortene frelse. David, som har skrive salme 51 er akkurat her. Men takk og lov: Gud er også ein nådig Gud. Han kan tilgje, reinse og gje ny start.

Vi treng Guds gjennomgripande nåde i livet for å leve det kristne livet. Nåden snur opp ned på alt. Å leve for ein nådig Gud brukar t.d. ikkje livet som eit middel for å oppnå frelse, men som takksam og tillitsfull respons på den frelsa som er gjeve oss av nåde – ved tru. Og slik skuldar vi å møte kvarandre også – med nåde. Nåden frigjev fokus bort frå oss sjølv og mot neste vår og gjer oss og kreative på korleis vi kan elske andre godt.

Livet med Han som er....



Bibel

Salme 51, 1-14
Spørsmål til teksten:

1. Kva er den sanninga i Davids indre som han skriv om i vers 8? Kva er det han erkjenner?
2. Ein parodisk definisjon på kristendom har vore «frykta for at nokon, ein stad, er glade.» Men kva slags eigenskapar og kjensler bed David om frå vers 10?



Rausheit

Takksam deling

Kva gjer det med folk som blir møtt med godleik der dei kanskje forventa hevn eller uvilje?

Har du nokon du kan vere uventa god mot på arbeidsplass, heime, eller på skulen?



Fellesskap

Den ærlege samtalen:

1. Har du opplevingar av å få nåde? Korleis kan nåde sjå ut, konkret?
2. Kjenner du til historier frå film/bøker eller frå verkelegheita som viser at Gud er nådig? På kva måtar kan det visast igjen i liva våre?



Misjon

Gjennom deg og vidare

Mange trur om kristne at vi set skilje mellom «oss reine» og «de syndige».

Korleis kan vi formidle at synd er noko som rammer alle, men òg noko det går an å bli vaska rein for?

Kan vi formidle nåde utan å seie noko om synd?



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at Han er nådig, og at han kan tilgi oss fordi skulda vår allereie er betalt på korset.
2. Be om å få leve i den dyrebare nåden, slik at vi ikkje misbruker han, men heller ikkje tvilar på han.
3. Be for kvarandre, og for dei tinga som gjer det vanskeleg å kjenne seg tilgjeven og benåda.



FOR
GUD